

Til
Tage Båtsvik / Organisasjonsdirektør HR-ORGSTAB-LOUD

Vår ref.:
23/01772-17

Dato:
25.10.23

Referat frå IDF-møte 23.10.2023 kl 13:00 – 15:00

Organisasjonane

Jan Ove Rogde Mjånes Akademikerne - AK
Wenke Wüsthoff Jortveit Parat /YS-stat
Grethe Lønning Grimsbø, bisittar Parat
Tone Skjerdal Norsk tjenestemannslag/LO-stat-NTL
Gjert Anders Askevold Forskerforbundet-FF
Karin Bell Hovudverneombod-HVO

Arbeidsgjevar

Anne Grethe Naustdal Prorektor for utdanning PR – stadfortredar for rektor Gunnar Yttri
Tage Båtsvik Organisasjonsdirektør – Org.dir
Anette Fristad Avdelingsleiar avdeling for HR (AHR)
Anette Undheim Seniorrådgjevar avdeling for HR (AHR)
Linn Melby Meyer Rådgjevar avdeling for (AHR)
Wenche Fjørtoft Seniorrådgjevar avdeling for HR (AHR) - referent

Styresaker:

39/23-B - Godkjenning av innkalling og sakliste til styremøte 7/2023

40/23-B - Søknad om utgreiingsløyve – Joint Master in Health Equity

Prorektor orienterte

FF har eit generelt krav til sakene om utgreiingsløyve: det er mange spanande søknader som kan utvikle fagmiljøa, fagportefølje og forskinga vår. Det vil også vere rekruttering inn til phd-programma. Stiller spørsmål om samfunnet har behov for alle kursa? Er det berekraftig? Får vi rekruttert studentar? Vi er i trongare økonomiske tider. Kanskje kjem lista av nedlegging av studium til å bli lenger.

PR: Vi må ha ekstra fokus på berekraft framover. Det er laga eit nytt verkty for å rekne ut ressursar ved eit program, som skal nyttast ved utgreiingssøknader. Sjølv om ein får utgreiingsløyve eller etableringsløyve så kan ein ikkje starte viss det ikkje er økonomi til det. Det var fleire søknader som vart meldt inn, men som ikkje

har kome vidare eller som er utsett. Det er stilt større krav til analyse og økonomisk berekraft. Fellesgradar er administrativt krevjande. Difor har ein lagt inn administrative ressursar. Må utvikle porteføljen i høve samfunnet sitt behov.

AK: Vi har no ein situasjon der vi ønskjer tilsetjingsstopp viss det ikkje er verksemdskritisk. Viss nokre av dei nye kan aktivere dei fagmiljøa som ikkje har så stort press no, i staden for å tilsette fleire, så ville ein prioritert dei.

Opptaksprøve krev ein annan eigen rigg enn vi har i dag. Vi må unngå å starte med noko nytt som ein må leggje ned i dårlegare økonomiske tider. Vi må ha ein heilskapstanke, og som det høyrer ut som arbeidsgjevar har, og det vert sett pris på.

PR: Vi er avhengig av å få eksterne midlar så det er ikkje aktuelt å starte utan dei. Vi må finne balansegangen mellom behova i samfunnet og kva retning HVL skal ta. Vi må omstille oss og det har vore jobba mykje saman med fakulteta for å sjå kva endringar HVL må ta.

41/23-B - Søknad om utredningstillatelse: Master i brannsikkerhet (siv.ing.) ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap

Prorektor orienterte.

42/23-B - Søknad om etablering av bachelor i ingeniørfag, elektroteknologi

Prorektor orienterte.

43/23-B - Søknad om etablering av master i medisinsk laboratorieteknologi

Prorektor orienterte.

AK: Denne er særleg viktig då det er denne utdanninga på Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN) som rekruttert aller best. Den har høve til å vere tverrfagleg saman med Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), og ein kan aktivere ein del av kjemikarane som kan halde kurs i mastergraden. Kjemimiljøet har god førstestillingskompetanse. Dette er ei særleg viktig satsing der ein får utnytta dei ein allereie har, jmf. studiet Kvalitets- og HMS-ingeniør som var lagt ned i fjor.

PR: Vi må jobbe på tvers og ha fellesfag, og bruke ein del fellesemne. Har tenkt på bruk av eksisterande emne og fagpersonar. Det er gjort eit godt arbeid.

44/23-B - Søknad om etablering av Master in Theatre in Social, Participatory Art, Community and Educational Contexts (120 ECTS)

Prorektor orienterte. Finansieringa er den største uvissa i prosjektet.

AK stiller spørsmål om kvifor nokre samarbeidspartar har trekt seg? Er det noko i prosjektet som gjer at desse er så usikre? Vi må vite om dette før vi startar arbeidet.

PR vil sjekke dette. Det er krevjande å administrere. Det er eit tiltak for å styrke det internasjonale samarbeidet og miljøet på campus. Ønskjer å hente ut gevinst ved å fellesgradar. Vi hadde fellesgrad innanfor maritime fag som vart krevjande og vart avvikla. Det har nokre utfordringar ved seg.

45/23-B - Søknad om etablering av Master med integrert praktisk-pedagogisk utdanning

Prorektor orienterte.

46/23-B - Søknad om nedlegging av studieprogram over 60 studiepoeng ved Fakultet for helse - og sosialvitenskap

Prorektor orienterte.

HVO: Vi ser at mang av studieprogramma inneber digital undervising. Kva veit vi om den digitale studenten og fullføring? Veit vi noko om digitale grunnutdanningar?

PR: Bachelor i historie er heilt digital. Vi trur det har gått bra med dei utdanningane vi har i dag. Det kan vere utfordringar med læringsmiljøet når ein er åleine. Dette er ofte motiverte studentar som ønskjer å ta utdanning, men som ikkje har mogelegheit for å reise eller ta seg fri frå jobben. Vi ønskjer heiltidsstudentar når ein er ung. Dette er meir mynta på den vaksne studenten.

47/23-B - Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi

Prorektor orienterte

FF: Det er eit unødvendig tungt system som bør vere forenkla. Burde vere sjølv sagt at tilsette skal kunne ha fri høgtidsdagar. Skulle våre avgjort enklare og på eit lågare nivå, og endra til verkedagar.

AK det er snakk om 7,5 time utviding og så må ein ha styrevedtak. Det er mykje styr for ein arbeidsdag.

PR: det er styret sjølv som må utvide sensurfristen, vi har ikkje høve til å endre dette.

48/23-B - Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i rettsanvendelse for barnevernfaglige mastere

Prorektor orienterte.

49/23-B - Satsingsforslag 2025 - Innspill til Kunnskapsdepartementet

Prorektor orienterte.

FF: Vi har no nye satsingsområde. Vi bør trykke på for å få meir støtte for fleircampus institusjonar. Enkelte campus står under press slik økonomien er. Berekraft og det grønne skiftet er viktig.

NTL Det er liste på seks punkt det er søkt om tidlegare. Punktet om fullfinansiering av grunnskuleutdanning er ikkje med vidare. Er det kvittert ut?

PR: Vi har i liten grad nått fram med søknadane. Har fått noko meir for det femte året i grunnskulelærarutdanninga, men ikkje fått fullt for alle studieplassane.

NTL: : Lurer på om punkt 2 gjeld eit konkret prosjekt som er under utvikling?

PR: Ein ser moglegheiter for samarbeid og det er behov for meir samhandling. Vi trekkjer fram det grønne skiftet og samarbeid med Statsforvaltaren. Det er behov for meir samhandling. Vil utfylle søknaden meir og vil søkje meir midlar ved prosjektet då.

50/23-B - Gjennomføring av åreleg lønsregulering for rektor etter HTA punkt 2.5.2

Prorektor orienterte.

AK: oppmodar til måtehald. Vi har ein del sparetiltak for tida. Det er vanleg å følgje frontfaget og det generelle tillegget i lønsforhandlingane. 5,3 % lønsauke av ei høg løn blir eit stort tal. Det ville vore ei fin signaleffekt for dei tilsette med eit tak eller noko mindre enn 5,3%.

FF: Det er ein trong økonomisk situasjon ved HVL. Vi støttar moderasjon, og at rektor blir målt i høve oppnådde resultat som andre tilsette. Rektor er hardtarbeidande som fortener lønsvekst.

NTL: Stiller spørsmål om det er slik at rektor si løn skal regulerast kvart år? Støttar innspel frå AK og FK om moderasjon.

AHR seier at det ikkje er noko som seier at ein skal eller ikkje, men det er ein fast prosess for årleg lønsregulering for leiarar. Lønsauken føreset dekning på verksemda sitt budsjett utover sentralt avsette midlar.

Orienteringssaker

O-42/23 - Regnskap pr. 2. tertial 2023

Prorektor orienterte

FF stiller spørsmål til årsaka til FHS sitt meirforbruk. Viss årsaka er å løfte kompetansen ved fakultetet bør ein få tilført midlar. Kva er dei naudsynnte strukturelle endringane? Kva er årsaka og kva blir konsekvensen?

PR: Fakultetet jobbar med økonomi og ny ressursfordelingsmodell, og korleis ein skal ta ned aktivitet. Det er lønsutgifter som utgjør meirforbruket. Ser på oppgåvene. Ein har jobba med vekting av undervisningsoppgåver utan å justere i budsjettet. No vil ein endre på dette. Det vil merkast for dei tilsette og studentane.

FHS fekk koronamidlar og koronastudieplassane skal ha undervising og oppfølging, og utgiftene kjem før inntektene. HVL får eit stort nedtrekk på grunn av nedlegging av koronastudieplassane. FHS skal fase ut kononastudieplassane.

HVO: Dei store utgiftene er innanfor løn og då blir tilsette bekymra. Vi må bruke omstillingsdokumentet til staten. Det inneheld reguleringar på korleis vi skal gjere endringar. Det må vere samstemt mellom tillitsvalde og leiinga om korleis dette skal gjerast, noko som gir større føreseielegheit.

Org.dir er samd med HVO. Det ligg verkty og reguleringar om vi skulle kome i ein slik situasjon. Vi bør ta opp igjen saka om ein felles omstillingsavtale i HVL, som vi starta i vår.

NTL: I saka om statsbudsjett står det at 2019 er eit naturleg samanlikningsår. Rekneskapstala frå 2019 skulle stått som samanlikningstal i denne saka og.

O-43/23 - Orientering om forslag til statsbudsjett og konsekvensar av dette for fordeling av 2024-budsjettet ved HVL

Prorektor orienterte.

AK påpeikar at nesten alle våre utdanningar er på nivå 2. i den nye finansieringsmodellen.

PR: Endring i kategori gir liten endring i budsjettet for 2025. Det er først viss vi får nye studieplassar at vi får 80 000 kr ekstra. Viss ein ikkje greier å utdanne måtalet så vert dei trekt dobbelt av inntekta i lågaste kategori. Det vert større press på gjennomstrøyming. Dette vert spelt inn. Det opplevast urimeleg å få den doble effekten. Vi må sikre god utdanningskvalitet og få god gjennomstrøyming.

NTL viser til figur 2 som viser at det uansett vert mindre inntekter framover. Tilslører ein dette i teksten? Det står at veksten ikkje kan halde fram. Bør ein vere tydlegare i saka på at det vil innebere nedskjeringar? Vi må ikkje underkommunisere dei utfordrande tidene.

PR: Vi ser også på mogelegheiter som ligg i å auka inntektene, mellom anna i meir eksterne inntekter. Vi søker å vere offensive. Det kjem ny eigenbetalingsforskrift, nye mogelegheiter for inntening, og vi kan ta større marknadsheler. Når det gjeld behovet for å redusere aktivitet vil vi bruke god tid på å vurdere kva det inneber. Dette vil vi gjere i samarbeid med tillitsvalde. Redusert aktivitet frametter vil innebere at vi kan bli færre tilsette, men oppseiingar er ikkje aktuelt i dag. Vi har ein del mellombels tilsette som følgje av koronastudieplassane. Vi har også ein del personar som går av med naturleg avgang, som pensjon. Eit naturleg tiltak vil vere å vurdere kva stillingar vi skal erstatte.

NTL: Det vert snakka om to forskjellige ting. Det at vi må rekne med å vere færre tilsette, er ikkje det same som oppseiing. Det er å førebu organisasjonen. Held vi oss der vi er? Det hadde vore på som plass å signalisere at vi kanskje er litt for mange i dag.

Vi saknar at ein ikkje nemner eksterne inntekter og moglegheitene det gir. Det har ikkje vore kommunisert ut. Skjer dei satsing på dette eller ikkje?

PR: Vi vil tydeleggjere korleis vi skal satse på å auke dei eksterne inntektene, mellom anna gjennom etter- og vidareutdanningstilbod.

HVO: Dersom det blir færre vikarar hos oss, kan det bety omfordeling av arbeidsoppgåver som også kan vere ei bekymring for tilsette, som å misse jobbinnhaldet. Behova våre kan vere annleis enn det som dei som går har. Når vikarar går ut så står ein igjen med arbeidsoppgåver vi skal gjere, og har vi den kompetansen? Det kan bli ei stor omstilling for både tilsette og leiing.

PR: Vi har ei studieforskrift og vi må oppretthalde rett kompetanse for å oppretthalde fagområda våre. Det vil alltid vere faglege vurderingar som ligg til grunn for å sikre at vi driv forsvarleg.

O-44/23 - Arealprosjekt - arbeidsplasser ved HVL

Prorektor orienterte.

FF stiller spørsmål om korleis kapasiteten er i K1 og K2?

PR: Det er ujamn kapasitet i ulike etasjar. Det er eit prosjekt som prøver å måle kor mange som er til stades.

NTL viser til tekst på s. 4: «Et mål må være at flest mulig ikke skal oppleve at retningslinjene innebærer en stor endring av arbeidssituasjonen sin». Medlemmer melder at dei er på ufrivillig heimekontor, og kan ikkje kome tilbake på Kronstad før ein har fått betre arbeidsforhold. Innføring av retningslinjene må òg gje løysingar for desse.

PR: Vi har ein fleksibel måte å jobbe på, og det er lett å finne plass i K1 og K2.

FF får ulike tilbakemeldingar på K2 i forlenging av det som NTL seier. Enkelte arbeidsoppgåver er vanskeleg å utføre i K2.

HVO: På alle campus er det ledige arbeidsplassar til ei kvar tid. Det å måtte dele arbeidsplassar er ei stor kulturendring i institusjonen. I K2 er det både helsemessige utfordringar og trivselmessige utfordringar. Synd å presse tilsette til å sitje på heimekontor.

PARAT kommenterer trivsel og arbeidsmiljø. Når ein reiser rundt på campus så finn ein som regel plass. Dei som går til arbeidsplassen kvar dag, ønskjer å treffe kollegaene og sitje saman med dei. Det handlar om trivsel og arbeidsmiljø.

PR: No skal ein dele inn i soner slik ein skal sikre å sitje saman me kollegaer og møtast. Vi må bruke arealet godt i lys av den økonomiske situasjonen vi står i. Vi må ha effektiv bruk av areal, og fylle det med aktivitet. Det er store kostnader ved bygga våre.

Referatsaker

O-45/23 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 7/2023

O-46/23 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 7/2023

Prorektor orienterte.

Organisasjonsdirektøren orienterte om arbeidet med revisjon av tilpassingsavtalen.

AK: I delprosjektet om råd og utvalsstruktur i det nye fakultet, vil ein sjå korleis ein brukar fakultetsråda i dei eksisterande einingane. Kva kan vi bruke det meir til? Det kan kome gode innspel også til arbeidet med tilpassingsavtalen.

FF jobbar ut mot medlemmene for å få innspel til arbeidet med tilpassingsavtalen. Generell tilbakemelding er ønskje om meir medbestemming, ønskjer fakultetsstyre framfor fakultetsråd. Dette er ikkje ein del av tilpassingsavtalen. Vi må få kollegiale organ på nivå 3 og nivå 4.

NTL: Det vert jobba gjennom medlemsmøte og NTL- styremøte. Vi har ein tilpassingsavtale der det er ein del ting som vi ikkje har gjennomført. På nokre område er det praksis som må endrast, ikkje teksten i avtalen.

O-47/23 - Referatsaker - styremøte 7/2023